



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

DALELVA KRAFTVERK AS  
Dalsåsvegen 5  
6963 DALE I SUNNFJORD

**Vår dato:** 09.06.2023

**Vår ref.:** 202113493 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:** John Kleppe

Randi Holme 99 21 51 22/

rho@nve.no

## **Oversending av inspeksjonsrapport - DALELVA KRAFTVERK AS - Masfjorden**

Norges vassdrags- og energidirektorat viser til inspeksjon ved DALELVA KRAFTVERK AS og legg ved rapporten fra inspeksjonen som vart gjennomført 11.05.2023.

Den vedlagte rapporten skildrar merknader og observasjonane frå inspeksjonen.

Ettersom vi ikkje har registrert avvik er rapporten endeleg, og inspeksjonen er avslutta.

Opplysningar om kontrollgrunnlaget og anna informasjon er lagt ved.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

Randi Holme  
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.



# Inspeksjonsrapport

## 1. Innledning

NVE kontrollerer om virksomheten oppfyller krav i regelverk, tillatelser og vedtak gitt i eller i medhold av lovgivingen NVE forvalter. I en inspeksjon har vi lagt til grunn det som ble observert og de opplysninger som virksomheten gjorde tilgjengelige for NVE under den fysiske kontrollen.

### Vi har kontrollert:

- Inntak
- Vannveg
- Permanente anleggsveger
- Kraftstasjon
- Masseuttak
- Midlertidige riggområder
- Internkontroll

Sted: Masfjorden  
Deltakere: John Kleppe, Prosjektleder Hywer  
Randi Holme (NVE), inspektør  
Karianne Ingrid Rønningen Rognhaugen (NVE), medinspektør

### 1.1. Generelle kommentarer

Føremålet med inspeksjonen er å kontrollere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjonen og godkjend detaljplan og seinare planendringar. Detaljplan for miljø- og landskap vart godkjend av NVE i vedtak datert 21.02.2022. Det vart vidare godkjent to mindre endringar i våre vedtak datert 26.09.2022 og 08.11.2022 som gjaldt etablering av ATV-bru og endring av kraftstasjonsbygning. Konsesjonæren opplyste at anlegget er bygd i samsvar med godkjend detaljplan.

NVE var på inspeksjon 30.09.2022, heilt i slutten av byggjefasen. Anlegget vart sett i drift i november 2022. Vi minner om at endeleg frist for ferdigstilling av arbeidet er to år etter at anlegget eller deler av anlegget er sett i drift. Vi konstaterer at med unntak av det nedste riggområdet og mellombels veg ned til elva er anleggsområdet sett i stand. Det generelle inntrykket er at arealbruken i anleggsområdet er godt avgrensa og at arealet som har vore i bruk i byggjefasen er sett i stand med eit godt sluttresultat. Det skal sendast inn eit oppdatert arealbrukskart der hovud- og hjelpeanlegg til kraftverket er teikna inn.

NVE vart orienterte om at Småkraft AS skal overta konsesjonen for Dalelva kraftverk og vere ansvarleg for drift og vedlikehald. Vi minner om vilkåret i post 12 i konsesjonen om at *ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant*. Vi ber og om å bli orientert om kven som er Småkraft AS sin kontakt person i driftsfasen.



## 2. Observasjoner

Her finner du observasjonene som er notert av NVE under inspeksjonen. Dette kan være både positive observasjoner og forhold som dere må rette for å unngå avvik i fremtiden.

### Inntak

Inntak og demning er ferdig bygd. Arrangement for minstevassføring er etablert og det er sett opp skilt ved inntaket. Like ovafor demninga er det bygd ei ATV-bru. Denne vart godkjend av NVE i vedtak datert 26.09.2022. Det er gitt konsesjon til å overføre ein mindre bekk frå Molddalen like aust for Dalelva til hovudinntaket. Overføringa er om lag 30 meter lang, og er gravd ned på heile strekninga.

På inspeksjonen stilte NVE spørsmål det er gjennomført risikovurdering for sikkerheita for tredje person i området ved inntaket og ATV-brua. Vi fekk opplyst at slik vurdering ligg føre. I etterkant av inspeksjonen er vi orienterte om at konsesjonæren har gjennomført ny risikovurdering der det er konkludert med at det skal gjerast ytterlegare tiltak både ved hovudinntaket og sideinntaket. Vi vart orienterte om tiltaka i e-post datert 22.05.2023.



Bilde 1: Inntak og ATV-bru

Vi minner om at det er konsesjonæren sitt ansvar å gjennomføre risikovurderingar av sikkerheit for tredjeperson og å gjennomføre nødvendige tiltak.



Arrangement for minstevassføring er etablert, og NVE fekk opplyst at det er kontrollmålt med saltvassmåling. I detaljplanen for miljø- og landskap som er godkjend er arrangementet skildra slik: «Systemet blir utført med revisjonsventil og fast blende med så stor åpning at påkrevd minstevannføring til enhver tid vil slippes. Spalteåpningen i varegrind er vesentlig mindre enn blendeåpningen (ca 25 mm vs. 125,5 mm) som sikrer at alt som passerer varegrind vil kunne passere blendeplaten. Ventil plasseres ved siden av inntaksluke i inntakskonstruksjon og nås med spindel opp til dekke på inntakskonstruksjonen. Målingene vil foregå ved at en kontinuerlig måler trykkehøyde ved inntaksbasseng som regnes om til vannføring, se beregning i Vedlegg 4A. Kontrollsystemet i kraftstasjon blir programmert slik at nivået i dam aldri går mer enn 15 cm under HRV mens anlegget kjører. På denne måten sikrer man at kapasitet på systemet minst slipper påkrevd minstevannføring".

Vi minner om at dokumentasjon på at det vert slepp tilstrekkeleg minstevassføring må kunne leggest fram for NVE på førespurnad. Dette inkluderer dokumentasjon av kontrollmåling.

### **Vannveg**

Vassvegen er sett i drift og arealet der rørgata er lagt er sett i stand. Rørgata er gravd ned på heile strekninga mellom inntaket og kraftstasjonen. NVE merker seg at arealbruken langs vassvegen er svært godt avgrensa. Ved pel 410 kryssar rørgata ein relativt stor sidebekk. Rørgata er lagt under bekken og den godkjende detaljplanen for miljø og landskap skildrar tiltak for å sikre rørgata mot utvasking. Bekkekryssinga er utforma slik at det er mogeleg å køyre over bekken. Det er og gjort tiltak i sidebekken for å hindre erosjon.



Bilde 2: Røyrtraseen ligg på venstre sida av vegen



Bilde 3: Bekkekryssing

### **Permanente anleggsveger**

Det er bygd permanent veg mellom kraftstasjonen og inntaket, og eksisterande veg frå Kjetland til kraftstasjonen er oppgradert. Masfjorden kommune har godkjend både oppgradering av eksisterande veg og bygging av ny veg etter søknad frå grunneigarane. Drift og vedlikehald av veganlegga er soleis handtert i medhald av lovverk som kommunen forvaltar, og vi legg til grunn at dette vert følgd vidare opp av kommunen.

### **Kraftstasjon**

Kraftstasjon med tilhøyrande transformatorstasjon er ferdig bygd og sett i drift. Uteareala er ferdig istandsette og det er sett opp gjerde mot elva. For det som gjeld sikkerheit for tredje person minner vi igjen om konsesjonæren sitt ansvar å gjennomføre risikovurderingar av sikkerheit for tredje person og å gjennomføre nødvendige tiltak.



Bilde 4: Kraftstasjon

### **Masseuttak**

Eit areal ved kraftstasjonen, på vestsida av vegen til inntaket, er teke i bruk som masseuttak. Det er lagt tilbake vekstvillig masse som toppdekke, og arealet er sett i stand med godt sluttresultat.



Bilde 5: Massetak ved kraftstasjonen



### Midlertidige riggområder

Fleire område har vore i bruk som mellombelse rigg- og lager området i byggjefasen. I alt er fire område godkjende til dette føremålet, og tre av dei er sette i stand med godt sluttresultat. Det nedste rigg- og lagerområdet som ligg like ved vegen gjennom Indre Haugsdal er ikkje sett endeleg i stand. På inspeksjonen fekk NVE opplyst at det er overført til grunneigar som ønskjer å behalde det som eit opparbeidd område for lagring av rundballar. Frå dette rigg- og lagerområdet går der ein veg som NVE har godkjend som mellombels anleggsveg som skulle fjernast etter byggefasen. Denne vegen er heller ikkje fjerna.

I e-post 22.05.2023 er vi orienterte om at grunneigar har vore i kontakt med kommunen vedrørende det nedste riggområdet og den mellombelse vegen ned til elva. Masfjorden kommune var på plassen 12.05.23. Det er opplyst at ut frå kommunen sitt synspunkt ser dei helst at anleggsvegen ned til elva ikkje vert fjerna. Den kommunale vegen og brua over elva er smal, og brua er berre akkurat brei nok til at store køyretøy kan køyre over. Dersom det oppstår ein beredskapssituasjon som må handterast er einaste moglege tilkomst til Storemyr/Kjetland å køyre over elva.

Kommunen har heller ikkje motførestillingar til at riggområdet vert nytta av grunneigar til for eksempel lager av rundballer, som i mange tilfeller blir lagra langs veikanten og då ligg innafør sikkerhetssona som er eit stort problem.

Jamfør post 4 i konsesjonen heiter det at: *"Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke"*. Dette vilkåret inneber at NVE kan gje samtykke til overdraging av hjelpeanlegg etter søknad frå konsesjonær. Føresetnaden for slik overdraging er at hjelpeanlegget er handtert i medhald av anna lovverk enn det NVE forvaltar. I ein eventuell søknad om overdraging må det leggest ved skriftleg avklaring og grunngeving frå Masfjorden kommune.



Bilde 6: Mellombels riggområde



Bilde 7: Mellombels veg ved riggområde

### **Internkontroll**

Internkontrollsystemet for Dalelva kraftverk vart ikkje kontrollert under inspeksjonen, men temaet vart drøfta og NVE rettleia om kva som er forventa innhald i eit internkontrollsystem.

Internkontrollsystemet skal vere tilpassa forholda ved Daleelva kraftverk. Eit godt utgangspunkt for dette er ei kartlegging av farer og problemområde for miljø- og sikkerheit, jamfør IK-vassdrag § 5-6. Eventuelle problemområde og utfordringar frå byggjefasen må og følgjast særskilt opp i den tidlege driftsfasen. Med utgangspunkt i kartlegging og identifisering av desse forholda forventar vi at det vert etablert tilsynsrutinar med tilhøyrande tiltaksplanar for å førebyggje uønska hendingar og avvik i driftsfasen.





Det er lagt opp til naturleg revegetering av anleggsområdet, og det er lagt godt til rette for det gjennom arbeidet med istandsetting. Der er tilført vekstvilling toppmasse i store deler av anleggsområdet. Arealet der overføringa er etablert er den delen av arealet der det er minst vekstvilling masse. NVE forventar at internkontrollsystemet inneheld ein plan for oppfølging av revegetering med forventa tilstand etter 1, 3 og 5 år, og en plan for tiltak dersom måla ikkje vert nådd. NVE merka seg at i traseen der overføringa til hovudinntaket er lagt er der forholdsvis mykje stein i overflata og lite vekstvillige massar. NVE forventar at det vert sett eit mål for korleis dette området skal utvikle seg med tanke på naturleg revegetering, og at det vert følgd opp i den tidlege driftsfasen for å oppnå eit tilfredsstillande resultat.



Bilde 8: Overføring

Andre forhold som det kan vere nødvendig å ha særskild fokus på er fare for erosjon i og langs elveløpet som kan utvikle seg over tid, og at drenering langs rørygata er tilstrekkeleg og fungerer som venta. Lokaliteten der rørygata kryssar bekken ved pel 410 vil og vere ein naturleg stad å ha ekstra fokus på gjennom heile driftsfasen.



Bilde 9: Sidebekk

Ut over dette viser vi til rettleiaren vår: [Rettleiar, nynorsk \(nve.no\)](https://retteleiar.nynorsk.nve.no)

### **3. Saksinformasjon og kontrollgrunnlag**

Kontrollert virksomhet: DALELVA KRAFTVERK AS

Organisasjonsnummer: 927611392

#### **Grunnlag for kontroll**

Kontrollgrunnlaget var følgende:

- LOV-2000-11-24-82: Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)
- FOR-2011-10-28-1058: Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (IK-vassdrag)